

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 5

Arna Mai 1969

2. årgang

Pinsepreik

Av prof. Jes.

Øydemarki og turrlandet skal gleda seg, og den aude heidi skal fegnast og bløma som ei lilja.

Ho skal bløma og fegnast, og fegnast og syngja med frygd. Herlegdomen åt Libanon hev ho fenge, Karmels og Sarons pryda; dei skal sjå Herrens herlegdom, vår Guds pryda.

Styrk dei valne hender og gjer dei skjelvande kne sterke!

Seg til dei urolege hjarto: «Ver frihuga, ottast ikkje! Sjå, der er dykkar Gud! Hemn kjem, vederlag frå Gud, han kjem sjølv og frelser dykk.

Då skal augo åt dei blinde verta opna, og øyro åt dei dauve verta oppladne; då skal den lame springa som ein hjort, og tunga åt den mållause jubla. For vatn bryt fram i øydemark, og bekkjer på den aude heidi, og det gloande sandhav skal verta til ein sjø, og det tyrste landet til vatskjeldor; i bustaden åt sjakalar, der dei hadde sin kvilestad, er voksterstad for røyr og sev.

Og der skal det vera braut og veg, og han skal kallast den heilage vegen. Ingen urein skal ganga på honom, men han skal berre vera for deim; ingen vegfarande, ikkje dåren eingang, skal fara vilt.

Der skal det ingi løva vera, og inkje villdyr skal koma inn på honom, dei skal ikkje

finnast der; men utløyste skal ferdast der.

Og Herrens frikjøpte skal snu heim att og koma til Sion med fagnadrop, og æveleg gleda er det yver hovudet deira; frygd og gleda skal dei nå, og sorg og sukk skal røma.

SONG TIL ARNA

Av Steffen Hausberg.

*Gamle Arna, våg og vidder,
solarglad og himmel blå,
skog i lid og fuglekvidder,
blom i kvar ei livdarkerå.
Her kan ferdamannen finna
kvila frå ei annsam gjerd.
Her kan ungt og onnugt vinna,
her er byrdi lett på herd.*

*Her er vister etter læger,
æreld på mangment gard.
Her er haugar, snar og vegar
etter forne fotefar.
Her hev veidmann rudt seg bøle,
her hev bumann nåma land.
Kristmann telgja tun og tøle,
sette log og rettarband.*

*Gamle Arna, ættarvorne
av eit godt og gamalt grjot.
Dine hauldar, høvdingborne
løyste træl med sælebot.
Difor fagna fengder fløda,
fræva moldi under ard,
drott av bu, av garden grøda,
livjar lyd på odelsgard.*

Konfirmantfesten

11/5 1969

Før gymnastikken på Garnes vart omlaga til eksamenssal fekk me hyggja oss ei kveldsstund saman med konfirmantane og foreldra deira. Fjelltveit, Kleppstø, Haugsvær tok på seg strevet og fekk hjelp på kjøkenet med matlaging og kaffikok. Stova var mest full då hornmusikken frå Nesttun Indremisjon tona i under leiding av Arne Johan Myklebust. Magne Mestad las ungdomsprolog av Brigt Våge. Og med velkommeord frå Harald Haugsvær kom me godt i gjenge.

Res. kap. i Slettebakken — Njal Klevberg heldt talen til ungdomane. Ut frå Salme 90,2 om å telja våre dagar. Ikkje berre for å få dei til å gå, men slik at me tek vare på kvar einskild dag. Dagen er ei gáva til deg. Det er ikkje sjølvstø å få dei. I Vietnam og mange stader elles er dagane usikre. Born og unge fell frå i massevis. I kristen tyding meiner me sers dette at Gud hjelper oss her, med å leggja noko inn i livet vårt. Kristus kan stiga inn i vår dag og gjera dagen verdfull for deg. Og gjera dagen og deg sjølv til ei gáva for medmenneske. Dagen din kan verta ein sigerdag for deg eller ein dag til skam. (Her fortalde han om sitt eige gode forsett: Han hadde just idag lova ikkje røykja meir. Han vona det vart ein varande siger han vann). Me skal fylgja med honom og høyra neste gong me møttest. 2/3 av våre medmenneske gjengsvoltne til sengs. Guds æveord taper tereng i verdi. Framande ideologiar bryt seg fram. Med sin hardkokte materialisme. Gods, æra, livsnytting. Kvar ny dag meir av det. Sex dyrking. Det vert ikkje betre før nokon arbeider imot straumen.

Samfunnet tek dykk unge ikkje heilt al-

værlagt heller Høyr kor dei orsakar dykk kva det enn er de finn på. Dei reknar ikkje med ansvar, Men talar om miljøskade, kompleks. Endå det rette ordet var synd!

Verdi skrik idag etter din kjærleik. Gud vil ha deg i tenesta for nesten din. Legg meir vinn på å vera god enn ha det godt. Karriere? Nei, spør heller etter kor Gud treng deg mest. So vert du og fyrebudd på din siste dag. Om du let Jesus Krist få gjeva deg evigt liv.

Det vert då å liva i omvending all sin dag. Øv deg i tru. Slepp Frelsaren din inn i hjarta ditt.

Etter denne gode helsing fekk med so pianomusikk av Martin Lohne. Me fekk m.a. høyra «Vals» av Chopin. Sikker og stø var han — endå det ikkje er så liktetil å få alt med.

Etter gild matøkt helsa soknepresten lyden, «Lat oss rett skifta Gudsriket millom oss». Herren vår — som er hovudet på likamen vår — vil dela med oss sitt liv. Og me likeeins vårt liv med hans. Omtrent som dei gamle song: «Du med nåden — eg med skammen — å kor me to passar samen.»

Heilt til slutt las Jens K. Hauge om Levi på tollbui som Herren ropa på og sa: «Fylg meg». Det var ei kalling som endå var aktuell millom oss.

Innimillom alt det nemnde var det og mykje morosamt. «Fleip eller fakta» var yverføring frå T.V. men ordi var vante å skyna for nokon kvar endå dei alle var rotnorske.

Nausn? «Dei hadde vore i nausnet etter Ola». Det visste ingen at det er eit ord for grevferd som endå er i bruk sume stader. Dei på Garnes trudde helst det måtte vera «rykte» eller «nyseåtak». Sameleis var det med «Snyssen». Ingen visste at det var ord for «fornærmet». Dei trudde heller det var det same som snåttete.

«Poreskap» det var det same som pretter

1814 — Eit kort oversyn

I Kiel 14. januar 1814 måtte den dansk-norske kongen gje frå seg Noreg til svenskekongen.

Harmen mot denne avståinga var stor her i landet. Den som kom til å stå i brodden for reisinga, vart likevel ikkje ein nordmann, men ingen ringare enn den danske arveprinsen, Kristian Fredrik, som sidan mai 1813 hadde vore statthaldar i Noreg. Med meldinga om Kiel-freden, fekk han og ordre om ikkje å setja seg i mot, men han lystra ikkje.

Målet til Kristian Fredrik var å la seg ropa ut til einevaldskonge i kraft av arveretten. For å nå dette målet og for å styrkja motviljen mot Kiel-freden, gjorde han sitt beste til å eggja fram ei norsk sjølvstendeånd. Han kravde at embetsmennene skulle gjera det same.

Men denne agitasjonen for fridom og sjølvstende stod i strid med planen som eit nytt einevelde. Prinsen merka snart at folk nok var mot Kiel-freden, men noko nytt einevelde var dei ikkje huga på. Stormannsmøtet han kalla saman på Eidsvoll i februar overtydde han om at rette vegen

og påfunn. Det fekk dei points for. Og «hølkje» trudde alle laut vera «smørbar» el. «høljarn», men det rette var. Ein liten senkning på vegen t.d., som me finn plenty av på vegane våre idag.

Eit «nøfle» meinte sume var grisetrau — men er ord for «pusling». Det vart mykje lått og løye av alt dette. Og Anton, Ragnar, Stein, Ola, Per Villy, Jørn og Gjermund gjorde det godt med utgreidingane sine og som pasientar på sjukehuset.

Alle saman kom i godlag og hygde seg. Det vart ein gild ungdomskveld for Arna.

å gå, var å gje avkall både på eineveldet og arveretten. Møtet fastsette at Kristian Fredrik inntil vidare skulle styra landet som regent. Samstundes gjorde dei vedtak om at folket burde få uttala seg om sjølvstende saka — og velja ei riksforsamling som skulle gje landet ei grunnlov.

Handlekrafta at Kristian Fredrik vart ikkje mindre om han måtte gje opp arveretten og tanken om å bli einevaldskonge. Han skipar ei mellombels regjering, og han sender ut ein proklamasjon til det norske folket om val av ei riksforsamling.

10. april kom riksforsamlinga saman på Eidsvoll. Det synte seg snart at det var to parti i forsamlinga. Dei har vorte kalla unionspartiet og sjølvstendepartiet etter stoda dei tok til union med Sverige. Få av eidsvollsmennene ynskte ein union med Sverige, men ein del såg ingen veg utanom. Sverige hadde alle stormaktene på si side. Stoda i Næringslivet vog sterkt for andre. Uvilje mot ny union med Danmark var atter avgjerande for sume. Dette partiet var berre på 30 — 40 mann. Førarane var greiv Wedel Jarlsberg og Nicolai Wergeland.

Mot unionspartiet stod dei som ville arbeida for sjølvstende trass i dei mørke utsiktene. Men andre motiv gjorde seg og gjeldande. Her var t.d. dei som framleis hyste varme kjensler for Danmark. Det var særleg embetsmenn. Embetsmennene og bøndene hadde dessutan ei sams frykt for makta den svenske adelen kunne få i Noreg. Mellom dei fremste i sjølvstendepartiet var Christian Magnus Falsen, George Sverdrup og William F. K. Christie. Desse mennene var lite kjende då dei møtte på Eidsvoll. Før tinget slutta, var dei dei mest kjende og folkekjære av alle.

Striden i unionspolitikken vart avløyst

av samhald i grunnlovsarbeidet. Den 12. april vart det sett ned ei konstitusjonsnemnd som skulle koma med framlegg til ei grunnlov. Til den 16. la dei fram 11 grunnsteningar som lova skulle byggja på. Då desse var vedtekne, greidde nemnda å få ferdig det fyrste grunnlovsframlegget på 8 dagar. Etter ny gjennomgåing vart det så lagt fram for riksforsamlinga, som, etter å ha studert framlegget eit par dagar, gjekk gjennom det paragraf for paragraf på ei veke. 17. mai skreiv utsendingane under grunnlova.

Arbeidet med grunnlova gjekk så raskt fordi eidsvollsmennene visste dei hadde kort tid til rådvelde. England truga med blokade, Danmark pressa på, og farlegare endå: Den svenske tronfylgjaren, Karl Johan, som tok til i krigen mot Napoleon, kunne ventast heim med det fyrste. Grunnlova måtte vera ferdig før den tid. Det kunne gå så snart fordi mange av utsendingane var juristar og godt kjende med dei liberale grunnlovene frå slutten av 1700-talet av. Fleire av representantane hadde med ferdige utkast til riksmøtet.

Grunnlova fastsett i store drag den riksskipnaden vi har hatt til i dag. Makta vart delt mellom konge og Storting. Domstolane skulle vera frie og sjølvstendige. I det heile vart den endeleg lova langt radikalare enn noko utkast. Dette kjem særleg til uttrykk i den sterke viljen til å skapa likskap i rettar og plikter, og vidare i reglane om vern om den personlege fridommen.

På den andre sida får kongen framleis stor makt. Ein greidde ikkje fri seg frå den gamle tankegangen at ein konge skulle vera mektig.

Samstundes med underskrivinga av grunnlova vart Kristian Fredrik vald til norsk konge. Noreg hadde atter eigen kongestol, «som Adelsteinar og Sverrar sat i».

Det store spørsmålet var no: Kunne vi

berga eidsvollsverket? Det avgjorde Sverige og stormaktene. Ingen av dei ville gje etter for nordmennene. Kristian Fredrik skjønna difor snart at ein union med Sverige ikkje var til å koma unna. Han vedtok å kalla inn eit omframstorting som skulle ta avgjerd i unionsprøsmålet. Før det kom saman, vart det teke opp forhandlingar med svenskane. Det kom til brot, og fylgja vart krig med Sverige. Trass i svensk framgang kom det snart fredstilbod frå Karl Johan. Tingingane kom i gang att og førte til konvensjonen på Moss. Her lova Karl Johan å respektera grunnlova, med berre dei endringane unionen kravde.

For nordmennene var det eit umåteleg framsteg frå Kiel til Moss. I Kiel hadde Noreg vorte avsatt som ein annan eigedom, no var det ein av forhandlarane. Svenskane hadde tidlegare hevda at Karl XIII også var vår konge, at arbeidet åt riksforsamlinga var opprør, og at grunnlova difor var ugyldig. No ville svenskane tinga med det Storting som denne grunnlova hadde skapt.

Kongedømmet til Kristian Fredrik godtok dei derimot ikkje. Han lova i ein lønleg avtale å gå av. Heller ikkje stod det noko i konvensjonen om at svenskane hadde gjeve opp Kiel-freden. For mange nordmenn vart konvensjonen difor eit vonbrot. Harmen vende seg mot Kristian Fredrik.

Med Mosse-konvensjonen er Kristian Fredrik ferdig i norsk politikk. Han hadde misst mykje av den sterke posisjonen sin under krigen, og han miste meir etter konvensjonen på Moss. Her i landet vart han lenge urettferdig bedømt. Seinare tider såg at han hadde gjort oss store tenester ved å ta førarskapen i reisinga mot Kiel-freden og seinare ved å ofra kongedømmet sitt for å tryggja mest mogeleg sjølvstende for Noreg i unionen.

Omframstortinget kom saman i oktober. Fleirtalet i forsamlinga innsåg snart at det

var ingen veg utanom unionen. Foreininga med Sverige vart difor vedteken på visse vilkår. Stortinget ville derimot ikkje velja ny konge før unionsvilkåra hadde vorte avtalt med Sverige. Det var under forhandlingane om desse William F. K. Christie skreiv namnet sitt i norsk sog. Han var president heile tida Stortinget sat saman og leidde det med fast hand. I forhandlingane med svenskane fylgde han såleis konsekvent prinsippet om berre å gjera slike endringar i eidsvollsgrunnlova som unionen gjorde naudsynleg. Ein einaste gong gjekk Stortinget bort frå dette. Det galdt to paragrafar som gav kongen stor makt over mi-

litærstellet og utanrikspolitikken. Dei vart endra. Kongens sterke makt på desse områda kunne ha ført til full sameining. No var Noregs frie stilling tryggja i grunnlova.

Den 4. november vart det oppnådd semje, og Stortinget valde samrøystes Karl XIII til konge av Noreg.

Året 1814 går mot slutten. Då året tok til, var vi undersattar av ein eineveldig, dansk konge, vi hadde frykta ei lydrike-stode under Sverige. No finn vi oss rett nok i union med Sverige, men vi er borgarar i eit sjølvstendig rike.

Ola Brattetveit.

Utgreiding på helselaget sitt årsmøte

Ved Lars Taule

Framhald frå førre nr.

Så nokre ord om det siste skuddet på institusjonsstammen.

9. *Heim for senil demente:* Ved våre aldersheimar er der alltid ein del som skulle vore i eigen heim for senile. Dei høver dårleg i våre åpne aldersheimar avdi dei lett kan tutla seg vekk, leggja seg i andre sine senger — og det som verre er. Ein del av dei som står på venetliste til aldersheimane er og senile. Når det vert for ille heime tek me opp spørsmålet med familien om innlegging i psykratisk sjukehus (Sinnsjukehus) — som er det einaste alternativ i dag. Det er like opprivande kvar gong «far eg då ikkje sinnsjuk så han må på Valen, han har berre vorte så forkalka stakkar —». Dette er nå eingong folks reaksjonsmåte — og det er syrgjeleg at me ikkje har meir høvelege plassar å by. Til dette kjem at våre sinnsjukehus er overfylte — og kurprisen er svært høg.

Dei fleste av våre senile treng heller ikkje

vera i sinnsjukehus. Dei må difor skaffast relevant pleie i mindre institusjonar som kan plasserast nærare heimstaden. Både av menneskelege og samfunnsøkonomiske omsyn er det difor påtrengjande naudsynt å byggja ut det psykiske helsevern i denne sektoren.

Hjå oss har sanitetsforeninga teke opp saka. I samråd med sin hovudorganisasjon er det nå meininga å reisa ein slik heim i Arna. Heimen vil verta reist med tilslutning frå mange bygder og lag. Eg vil nemna at det er fylket og stat som har driftskostnadene ved slike heimar — og nedskriving av gjeld kan gå over driftsbudsjettet.

10. I ein del bygder har det i det siste reist seg noko ein kallar *helsetun*. Dette er på ein måte ei sentralisering av dei sosiale tiltak i helsesektoren. På ein sentral stad i bygda vert det planlag trygdebustad, kontor for distriktslæge og helsesøster — ein sjukeavdeling osv. Det heile står under kyndig tilsyn og vert utbygd etterkvart som

trong og økonomi er tilstades. På denne måten får ein snart eit helse- og velferd-senter — ikkje berre for gamle og uføre, men for heile bygda like frå spebarnstadiet — med barnekontroll osv.

Dei som har kome i gang med slike prosjekt uttalar at dei er svært nøgde med det.

Eg er klår over at eg nå truleg har bevega med ein god del utover det helselaget kanskje meinte med emnet mitt. Men sjukepleiartenesta i Arna — som emnet lyder — er eit svært omfattande omgrep, og eg har freista gje eit omriss av denne tenesta. Heimesjukepleier er berre ein liten del — om enn svært viktig slik — i denne omsorga for eldre, uføre og andre.

Så litt om denne spesielle tenesta.

Då Arna Helselag sumaren 1966 la ned sjukepleiartenesta, vart det oppretta ein tilsvarande stilling i kommunal regi. s. Else Vevle har heile tida fungert i denne stillinga. Den første tida på full dag, seinare på deltid. Stillinga har me utlyst mange gonger utan resultat. Ein har og hatt kontakt med ei rekkje sjukepleiaraskular osv. Men heimesjukepleie er ikkje det første ein sjukepleiar søker å få idag. Ved sida av s. Else har vi hatt gifte søstre kring i bygda som har teke bestemte oppdrag/pasientar på timebasis.

Hjelpepleiar i full stilling har vi hatt heile tida, først Bergljot Kalsås, så Hjørdis Dreyer og nå frå 1/1 1969 frå Kalsås igjen. Ytre Arna sokn har eigen sjukepleiar som kommunen gjev tilskot til. I 1967 tok Arna Sokneråd opp med Arna kommune å få tilsett klokkardiakon i Arna. Saka vart førelagd sosialstyret som gav si fulle tilslutting. Av budsjettmessige grunnar har det ikkje vorte noko av det.

Sosialstyret har likevel teke saka oppatt så seint som februar i år, med den grunn-gjeving at heimesjukepleien må styrkjast og at ein ved å få diakonklokkar faktisk vil

få full dekking i denne sektor ei tid framover. Eg kan nemna at i Bergen vert omlag heile heimesjukepleien utført av menighet-søster og diakonar. Der er nemleg bystyrevaktak for at der skal vera diakon-klokkar i kvar kyrkjelyd. Fana, Laksevåg, Åsane og Askøy har kome etter.

Noko som sterk styrkjer sokneråd og sosialstyret sin søknad om oppretting av diakonklokkar stilling er at ein nå kan visa til ein økonomisk dekkingsmåte. Sosialkontoret har nemleg fått melding frå Departementet om at Stortinget har vedteke ein ordning som i vesentleg grad styrkjer hjelpepenesta i heimane.

Til all heimehjelp, husmorvikarverksemd og heimesjukepleie vil Departementet gi eit tilskot på 35 % av kommunen si total utgift. For Arna kommune vil dette seia kr. 75 — 100.000 meir i år enn det vi fekk etter dei reglane som galdt i fjor. Vi vonar nå inderleg at kommunen sine folkevalde vil la denne meirinntekta gå til det ho var tenkt, nemleg styrkjing av hjelpepenesta i heimen.

Sosialstyret har overfor formannskap peika på konkrete oppgaver som her må verta tilgodesett. M.a. heimesjukepleie.

Kyrkjelege handlingar

Døypte:

- 7.4. Morten, foreldre: Jan-Helge Johnsen — Inger Margrethe f. Litlelangøy.
 26.4. Geir, for.: Godtfred Gundersen — Gro f. Gustavsen.
 19.4. Marianne, for.: Knut Erik Laksnes — Marta Sofie f. Larsen. (I Birkeland kyrkja).
 3.5. Kjetil, for.: Kjell Holm — Eldbjørg Marita f. Ystanes.
 3.5. Anette, for.: Frank Hansen — Aud Karin f. Sjursen.

- 4.5. Bente, for.: Arne Steine — Edel Karin f. Sjursen.
 11.5. Grete, for.: Kjell Bjarne Haukeland — Aud Margrete f. Haugland.
 18.5. Tore, for.: Olaf Jacobsen — Unni Astrid f. Gatland.

AVLIDNE:

- 27.4. gbr.enkja Karl Olsdtr. Tunes f. 1882.
 5.5. arbeidsmann h.v., enkjemann Nils M. Vikne f. 1876.

Prolog

til konfirmantfesten på Garnes Realskule

4. mai 1969 — Av Brigit Vaage.

*Ungdom fagre, ungdom fine.
 Sjølve orda skjelv og skine
 lyfter seg mot sol og dag,
 fer med rappe vengeslag
 gjennom rømda for å vinne
 draumen som du ber her inne
 der det løynde, dulde er:
 All di framtid's fagre ferd!*

*Blodet gjennom kropp seg sprengjer,
 ber deg fram som fugl
 som lyfter seg på sterke vengjer,
 stålset hug, gjev kraft til fot,
 og framtid's-syn til ungdomsmot.*

*Difor ser du ikkje stenge,
 difor er ho, verda, di.
 Alt som lever, har du fenge:
 fagre soldag, rik og blid,
 våren vakre, haustarglansen,
 glitreglim i vinterkransen —
 opne dører til eit land
 du skal skapa ved di hand!*

*Kjære deg — lat draumen vinka
 fram i deg mangt fagert syn.
 Sleppa skal du gå og hinka
 nedi dalen, bortti by'n —.*

*Det finst nok av folk som «kosar»
 seg i krå med øl og dram.
 Det er rare ungdomslosar:
 For eit mål og for ei skam!*

*Det er nok av dei som hyller
 fridom til å fylgja lyst.
 Det er nok av vrak som fyller
 opp langs norske ungdomskyst.*

*Difor trengst han, ungdomsdraumen,
 midt i denne gullkalvstid.
 Difor stå du, midt i straumen
 stø og roleg, trygg og blid.*

*Syn, du, andre du har funne
 noko til å byggja på.
 Syn dei at du fram har vunne
 dit kvar ein og fram kan nå.*

*Fram til Han, den eine, store
 Frelsaren frå Golgata,
 til det verket han der gjorde
 slik at du vart fri — og glad!*

*Unge vener som er samla
 no til kos og hyggekveld,
 ver no med og kveik oppunder,
 styrk og nør den gode eld.
 Den som lyser og som vermer,
 ikkje røver på si ferd,
 den som hjelper oss på ferda,
 så det vert ei betre verd.*

*For ho er då fager verda,
 og Gud har gjeve ho til deg,
 «Der du skal din gjerning gjera,
 men sjela di tilhøyrer meg».*

Spar for framtida!

Ei bankbok er det beste grunnlag for å sikra barnas framtid.

Ei reserve i banken skapar tryggleik. Vegen til ordna økonomi går gjennom regelmessig sparing.

BANK DET INN PÅ KONTO!

Arna Privatbank

*So sa han, og det er vegen,
Då når du til harmoni
Då du kan båd' glad og fege
gle deg i di ungdomstid.*

*Og veta skal du at han ventar
Han har bruk for ungdoms-tru.
Vera skal de hans agentar.
Byggja skal de så ei bru.*

*Bønebru mot himlen reine,
bønebru mot han, den eine,
og så gå til striden ut,
friske jente, friske gut!*

*Må så festen her i kveld
nøra ungdoms-syn og eld.
Velkomen ver, du helsa er,
kjend og ukjend like nær!*

Preikeliste for Arna prestegjeld

Trieiningssundag 1. juni:

Arna: Hope. Nattverd.

Ytre Arna: Tesdal. Nattverd.

1. s. e. tr. 8. juni:

Arna: Hope.

2. s. e. tr. 15. juni:

Arna: Tesdal.

Ytre Arna: Hope.

I Arna songarstemna for Nordhordland.

3. s. e. tr. 22. juni:

Arna: Hope.

Ytre Arna: Tesdal.

4. s. e. tr. 29. juni:

Arna: Tesdal. Dr. Arve Brunvoll preikar.

Offer til lærarakademiet.

Om kvelden kl. 18.00. Trengereid: Tesdal.

5. s. e. tr. 6. juli:

Ytre Arna: Tesdal. Nattverd.

6. s. e. tr. 13. juli:

Arna: Tesdal. Nattverd.

Sumarferi for prestane i Arna

Res. kap. Hope ferie frå 25. juni til 22. juli.
Sokneprest Tesdal frå 23. juli til 20. august.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsfører: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —